



Statens vegvesen

ERIK HERREDSVELA
SAGSTADVEGEN 144
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
17/102644-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.08.2017

Løyve til dispensasjon frå byggegrensa – Fv. 244 gnr. 19 bnr. 51 i Meland kommune

Vi viser til Dykkar søknad av 03.07.17 om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 244 på Sagstad for oppføring av tilbygg til eksisterande bustad på gnr. 19, bnr. 51 i Meland kommune.

Det vert søkt om oppføring av tilbygg for kjøkken i ein avstand på 32 meter frå senterlinja på fylkesveg 244, tilbygg for garasjebygg i same avstand frå fylkesveg 244 og etter som vi kan sjå frå tilsendt kartutsnitt eit tilbygg på baksida av bustaden i en avstand på ca. 42 meter frå senterlinja på fylkesvegen.

Det vert i søknaden opplyst at eigedomen ligg i regulert område, men ut frå våre opplysningar er området ikkje regulert. Det vert opplyst at arealføremålet i kommuneplanen viser at området er avsett til LNF. Meland kommune har bekrefta at dei tiltaka det er søkt om er i samsvar med gjeldande planføremål. Søknaden om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 244 vert då å handsame etter Veglova.

Statens vegvesen finn at det kan gjevast dispensasjon for dei tiltaka det er søkt om.

Vedtak

Med heimel i veglova [§30](#) og [§34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 244 for å oppføre tilbygg til kjøkken, tilbygg for garasjebygg og tilbygg på baksida av bustaden på gnr. 19 bnr. 51 i Meland kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal være i tråd med situasjonsplan, datert 03.07.2017.
2. Avstanden frå tilbygget for kjøkken (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 244 skal vere minst 32 meter. Avstanden frå tilbygget for garasjebygg (inkludert takutspring) til senterlinja på fylkesveg 244 skal vere minst 32 meter. Avstanden frå tilbygget på baksida av bustaden frå senterlinja på fylkesveg 244 skal vere minst 42 meter.
3. Tilbygga må ikkje brukast til andre formål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygningen/innretninga ligg nær fylkesveg 244.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, viss ikkje fell dispensasjonen bort.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger, e-post: firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Vedlegg

Veglova [§29](#), [§30](#), [§34](#), [§35](#), [§38](#)

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG